



Program for Lindås Venstre

for perioden 2015-2019



Venstre vil utvikle heile kommunen

I Lindås har me press i delar av kommunen, stagnasjon og tilbakegang andre stader. For Venstre er målet vekst i heile kommunen slik at skular, barnehagar og andre offentlege tenester kan utviklast vidare lokalt. Pressområda må få særskilt merksemd for å handtera veksten som kjem, men også fordi desse områda er avgjerande for at me skal kunna ha vekst i alle delar av kommunen.

Knarvik som kommune- og regionsenter:

Knarvik er både kommunesenteret for Lindås og regionsenteret for Nordhordland. Venstre meiner at denne staden skal utvikla seg til å verta byen i Nordhordland.

Venstre vil

- ✓ utvikle Knarvik vidare som regionsenter for heile Nordhordland.
- ✓ at det skal vere naturleg å lokalisere statleg aktivitet til Knarvik framfor Åsane.
- ✓ setje av areal til framtidig kulturhus, skøytebane og symjehall og andre viktige offentlege tenestetilbod.
- ✓ styrke Knarvik vgs. med aktuelle liner.
- ✓ ha spennande arkitektoniske løysingar for å styrka Knarvik

som senter.

- ✓ etablere gode møteplassar og sentrumsnære bu- og kulturtilbod.
- ✓ at kommunen deltek i spleiselag om viktig infrastrukturbygging.
- ✓ arbeide for at det kjem kino og konsertlokale sentralt i Knarvik.
- ✓ etablere eit parkvesen.

Lindås som kommunedelsenter:

Lindås er det historiske kommunesenteret. Vi meiner det er viktig å styrka Lindås som tenestetilbydar og lokalt senter i den nordlege delen av Lindås kommune.

Venstre vil:

- ✓ ha nye bustadfelt i tettstaden, også ungdoms- og seniorbustader.
- ✓ laga ein områdeplan for sentrale deler av tettstaden i perioden 2016 – 2018, der det vert sikra areal til utviding av offentlege tenestetilbod og til utvikling av senteret.
- ✓ arbeide for å knyta saman Fv 415 ved Ådnevik og Fv 57 for å avlaste "Lindåsbrekka" og utvikle Lindåsbygda.



Ostereidet som kommunedelsenter:

Vi meiner at Ostereidet skal utviklast vidare som senter i den austlege delen av Lindås kommune.

Venstre vil:

- ✓ at offentlege og private tilbod skal utviklast vidare og det skal leggjast til rette for nye bustadfelt i tettstaden, samt at det vert etablert fortau nedover mot Eide.
- ✓ ha på plass ein godkjent områdeplan for sentrale deler av tettstaden i 2016, som skal sikra areal til utvikling av offentlege og private tenestetilbod.

Alversund:

Alversund skulekrins er den største krinsen i kommunen.

Venstre vil:

- ✓ utvikle Alversund vidare med nye bustadfelt og gode bumiljø.
- ✓ at ny områdeplan for sentrale deler av Alversund skal sikra areal til ny Alversund skule og areal til utvikling av idretts- og aktivitetstilbod.
- ✓ byggje fleirbrukshall i samband med ny barneskule.
- ✓ ha gang- og sykkelveg på fylkesvegen til Fosse.
- ✓ setje av areal til næringsverksemd i krinsen.

Skule og barnehage

Venstre meiner at den viktigaste investeringa samfunnet kan gjere er å formidla kunnskap, skapa nysgjerrigheit og medverka til utvikling av borna våre. Skulekrinsane i alle deler av kommunen skal styrkast.

Venstre vil:

- ✓ halde på eksisterande skulestruktur og utvikla bygdene vidare.
- ✓ byggje nye barneskular i Knarvik og i Alversund.
- ✓ prioritere lærarressursen og undervisningsmateriell i grunnskulen.
- ✓ fremje fysisk aktivitet blant barn og unge.
- ✓ prioritere trygge skulevegar, jf. Trafikksikringsplanen.
- ✓ setje av areal til å byggje ny barnehage i Alversundområdet.
- ✓ ha inntektsdifferensiert foreldrebetaling i barnehagen.
- ✓ utvikle kulturskulen.

Helse- og sosial

Venstre meiner at tryggleik for at folk får hjelp når dei treng det er avgjerande. Basistilboda som lege og anna helsefagleg kompetanse skal dei ha nærast mogeleg.

Venstre vil:

- ✓ utvikle og styrke den almenne helsetenesta gjennom Helsehuset i Knarvik, t.d. større fagmiljø, kompetanse, betre utstyr og samspel med spesialisthelsetenesta.

- ✓ utvikle og styrke dei spesialiserte helsetenestene gjennom Helsehuset i Knarvik, t.d. tenester som røntgen, dialyse, hud og anna.
- ✓ ha tannhelseteneste i Knarvik og på Lindås.
- ✓ at det også skal vere legesentertilbod på Ostereidet og på Lindås.
- ✓ ha eit trygt og godt utbygt heimebasert omsorgstilbod.
- ✓ ha dagtilbod for eldre i Knarvik, på Ostereidet og på Lindås.
- ✓ leggje barnets beste til grunn for arbeidet i barnevernet.
- ✓ styrke tilbodet for demente.

Miljø og naturvern

Venstre meiner at vi alle har eit ansvar for kva miljø vi leverer vidare til generasjonane etter oss. Lokal handling og vern gjennom bruk er vesentleg for at kloden skal vere leveleg for menneske og dyr i hundreåra vi står framføre.

Venstre vil:

- ✓ at 100 % av farlig avfall vert samla inn, og at 100 % av EE-avfall vert sortert.
- ✓ ta vare på natur- og friluftsområder i heile kommunen.
- ✓ styrke friluftslivet.
- ✓ at nye kommunale kjøretøy i hovudsak skal vere lav- og nullsluttsleppskjøretøy.
- ✓ heve ubåten på Fedje.
- ✓ ivareta miljøomsynet i arealplanlegging, og ta vare på matjord.

Kultur og idrett

Venstre meiner kulturens eigenverdi for folk sin trivsel ikkje kan overdrivast. Kulturen skapar identitet, er det usynlege limet mellom menneske som skapar latter, glede, engasjement, debatt og forståing. Mangfaldet er eit gode i seg sjølv.

Venstre vil:

- ✓ auke løyvingane til kulturforemål.
- ✓ vidareutvikle bibliotektenesta og halde på bokbussen.
- ✓ utvikle museumstilbodet og styrke kulturminnevernet.

Ungdom

Venstre meiner at ungdommane gjer at vi som samfunn lærer meir, og utviklar oss.

Venstre vil:

- ✓ ha fleire tilbod til uorganisert ungdom.
- ✓ at kommunen støttar rusfrie arrangement for ungdom.
- ✓ ha eit tettare samarbeid med Ungdomsrådet.

Flyktningar og integrering

Venstre meiner kommunen skal ta sin del av ansvaret for busetjing av flyktningar, og at vellukka integrering er nøkkelen til mennesket og samfunnet si utvikling.

Venstre vil:

- ✓ samarbeide med næringslivet for betre integrering.

- ✓ at kommunen skal ta sin del av ansvaret for å gje flyktningar arbeid.
- ✓ at kommunen sin bustadpolitikk medverkar til integrering.
- ✓ etablere eit integreringssenter for regionen.
- ✓ at kommunale einingar skal gje flyktningar språkpraksisplassar når dei har tilstrekkeleg norsk-kunnskap.

Styringa av kommunen

Venstre meiner at folkestyret er av uvurderleg verdi.

Venstre vil:

- ✓ gjennomføre ein ansvarleg økonomisk politikk.
- ✓ stimulere til eit medvite forhold til kostnader ved investeringar og drift av kommunale tenester.
- ✓ at kommunen som arbeidsgjevar har fokus på likestilling og arbeidsmiljø.

Kommune- og regionstruktur

Lindås Venstre vil at makt og mynde skal overførast frå staten og statlege organ til kommunane og større regionar. Oppgåvene må fullfinansierast slik at ikkje staten overfører oppgåvene, mens kommunane og regionane må ta rekninga og innsparingane. Vi vil ha ei innhaldsreform der Lindås slår seg saman med andre kommunar i Nordhordland og skaper eit betre grunnlag for omstilling og utvikling av næringsliv og tenestetilbod.

Grønt skifte i nærings-, areal- og samferdslepolitikken

Næringsliv

Venstre meiner at kommunen skal leggje til rette for utvikling og omstilling av næringslivet gjennom ulike planar, økonomiske stimuli og medverknad i høve andre offentlege og private avgjerdestakarrar.

Venstre vil:

- ✓ støtte opp om utvikling av næringsverksemdene på Mongstad.
- ✓ styrke tiltaksarbeidet med tanke på etablering av småbedrifter i heile kommunen.
- ✓ utvikle samarbeidet med andre offentlege og private organisasjonar.
- ✓ utvikle næringsareal i alle ungdomsskulekrinsane.
- ✓ Etablere eit kommunalt foretak for etablering av infrastruktur i næringssamanheng
- ✓ ikkje utvida høvet til søndagso-pne butikkar.

Bustad- og utbyggingspolitikk

Venstre meiner kommunen skal ta større ansvar for at folk kan busetje seg i heile kommunen. Då vil vi kunne sjå ei oppblomstring i bygdene våre, framfor stagnasjon og tilbakegang.

Venstre vil:

- ✓ at alle skulekrinsar innan 2019 skal ha bustadfelt med byg-gjeklare tomter.
- ✓ ha konsentrert bustadbygging i sentrale delar av kommunen.
- ✓ medverke til sosial bustadbygging, senior- og ungdomsbustader.
- ✓ at mindre bygder og grender skal få område for spreidd bustadbygging.
- ✓ nytte Lindås Tomteselskap AS som instrument for sosial bustadbygging, og der det ikkje finst private utbyggjarar.
- ✓ at kommunen si handtering av utbygging er føreseieleg.
- ✓ ikkje ha eigedomsskatt for husvære.

Samferdsle

Venstre meiner at vi må auke trafikktryggleiken.

Venstre vil:

- ✓ byggje Nyborgtunnelen og ved-tekte bompengeprojekt.
- ✓ ha rimeleg innfartsparkering i nærleiken av skysstasjonen.
- ✓ oppgradere fylkesvegane
- ✓ auke løyvingane til vegvedlike-hald.
- ✓ avgjere ny kryssing av Alverstraumen.



Vestlandsregionen

Ein Vestlandsregion for framtida

Hordaland må møte framtida som ein del av ein konkurransedyktig folkevald vestlandsregion. For Venstre er det å skapa ein region som er leiande på miljø, nyskaping, kultur & idrett og som gir alle ein fyrsteklasses skolegang det viktigaste i denne perioden.

Fylkeskandidatar:

- | | |
|--------------------------|------------|
| 1. Anne-Beth Njærheim | Bømlo |
| 2. Geir Kjell Andersland | Bergen |
| 3. Geir Angeltveit | Stord |
| 4. Elizabeth Erichsen, | Fjell |
| 5. Torstein Gunnarsson | Voss |
| 6. Ingrid Handeland | Kvinnherad |
| 7. Tove K. S. Tistel | Masfjorden |

På fylkestinget vil Venstre:

- ✓ Erstatte fylkeskommunen med ein folkevald region.
- ✓ Byggja «parker & reis-anlegg» med ladepunkt for elbil og sykkelparkering på viktige kollektivknutepunkt
- ✓ Satsa på grønn vekst og næringsutvikling
- ✓ Styrka satsinga på "Ungt entreprenørskap"
- ✓ Styrke Hordaland Teater som nynorskarena og kulturinstitusjon
- ✓ Ha individuell tilrettelegging for å redusere fråfallet i VGS
- ✓ Arbeida for eit felles billettsystem på all kollektivtrafikk

Venstres kandidatar i Lindås



1. Sveinung Toft (f.1967)

Askelandsvågen. Sveinung vil ha ein arealpolitikk som ivaretek naturområda, støtta opp under aktivitetane i krinsane og ha søndagsope bibliotek i Knarvik.



2. Helena Nordbakk (f. 1988)

Sellevoll. Helena vil ha ein framtidretta skulepolitikk og arbeida for eit grønt skifte.



3. Trygve Kvalvåg (f. 1974)

Kvalvågen. Trygve vil arbeida for levande bygder og auka vedlikehald av kommunale vegar.



4. Helge Fjellanger (f. 1950)

Lindås. Helge vil arbeida for auka støtte til frivilligt arbeid, og å utvikla næringsareal i alle ungdomsskulekrinsane.



5. Aina Isdal Haugland (f. 1979)

Isdal. Aina vil betra infrasstrukturen i eldreomsorga, ha kompetanseheving i helsetenestene og jobba med personvern og demokrati.

6. Anders Kvamme, Tveiten

7. Camilla Bjerke Ramsvik, Eikanger

8. Rolf Nesheim, Seim

9. Miriam Vågenes, Fjellsbø

10. Erlend Einevoll, Lindås

11. Turid B. Hølleland, Hølleland

12. Helge Tangen, Knarvik

13. Borgar Bjørnson Titland, Titland

14. Lars Halvard Bjerkestrand, Alversund

15. Irene-K Femanger, Knarvik

16. Charles S. Lilleskare, Nappane

17. Mohamed Boye Jallo Jamboria, Alversund

18. Martin Kjempol Dahl, Knarvik

19. Geir Nilssen, Eikanger

20. Vibeke Øvrebø, Nedre Alver

21. Arild Mongstad Pedersen, Lindås

22. Erna Tomasgard Langøy, Seim

23. Geir Andre Bjørsvik, Bjørsvik

24. Tomas Ottesen, Erstad

25. Øystein Martinsen, Titland

26. Agnar Lien, Knarvik

27. Laila T. Fjellanger, Lindås

28. Åse Kari Einevoll, Seim

29. Anny Femanger, Knarvik

30. Odin Kristiansen, Hundvin

31. Solveig Johnsen, Lindås

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på våre nettsider.

venstre.no/lindas



VENSTRE